

Saksbehandlar: Paal Fosdal, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 15/9901-9

## **Høyring - Forslag til lokalisering av felleseining for løn og rekneskap i politiet**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Med tilvising til høyringsbrev og høyringsnotat frå Politidirektoratet, dagesett 25.april 2016, vil fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til lokalisering av felleseininga for løn- og rekneskap i politiet:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner at Politidirektoratet må leggje politiet si felleseining for løn- og rekneskap til Florø.
2. Gjennom Nærpolitireforma har Sogn og Fjordane politidistrikt vorte ein del av det nye Vest politidistrikt, og fylket står i fare for å miste viktige arbeidsplassar. Kompetansesarbeidsplassar er viktige for å gjere bu- og arbeidsmarknadsregionen attraktiv. Vi meiner at det er eit omsyn som må vege tungt når nasjonale fellestenester og oppgåver skal fordelast i politiet, noko retningslinene for lokalisering av statlege arbeidsplassar gir klare føringar for.
3. Sogn og Fjordane har vore konstruktiv etter vedtaket om Nærpolitireforma, og vi har forventningar om ei oppfølging av reforma sine formuleringar om at kompetanse skal leggjast desentralisert.
4. Fylkesutvalet har tidlegare gitt sin støtte til lokalisering av felles løn- og rekneskapseining til Florø (FU sak 19/16, 2.mars 2016). Dette er formidla til Politidirektoratet i brev dagsett 8.mars 2016, med vedlagt felles brev frå fylkeskommunen og Flora kommune dagsett 7.mars 2016. Protokoll frå fylkesutvalet 2.mars følgjer vedlagt og fylkesutvalet legg til grunn at denne protokollen inngår som del av vår høyringsuttale.

Fylkesutvalet har slike merknader til høyringsnotatet:

1. Fylkesutvalet vil peike på at når kriteriet minimumsbemanning (9 medarbeidarar) med pendleavstand mindre enn ein time frå bustad blir kombinert med ei tung vekting (60%) av kriteriet kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing, vil ingen område utafor det sentrale Austlandet bli med i vurderinga. Dette går fram av høyringsdokumentet og er samanfatta i tabellen s. 10. Fylkesutvalet er uroa over denne vektlegginga med dei konsekvensane den har og krev at kriteriet knytt til lokaliseringpolitikk blir tillagt vesentleg større vekt når ein skal lokalisere fellestenester, spesialisttenester og fagmiljø. Fylkesutvalet viser her til eigen uttale om administrasjonsstad for i dei nye politidistrikta, punkt 6, dagsett 17.november 2015.
2. Fylkesutvalet er kritisk til at omorganiseringa av politiet blir splitta opp i enkeltstående tiltak, underlagt varierende kriterier og vekting av desse, og sendt på høyring enkeltvis. Dette gjer det umogeleg å få eit heilskapleg bilete av den samla omorganiseringa og konsekvensane for statlege arbeidsplassar lokalt og regionalt.
3. Fylkesutvalet merkar seg at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarande endringar (jf. høyringsnotatet s. 3, nest siste avsnitt). Utover at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1.400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkesutvalet meiner dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

4. Fylkesutvalet kan ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine felleseiningar innanfor løn- og rekneskap, og gjennom dette kunne vektleggje kriteria for lokalisering annleis. Fylkesutvalet meiner også dette er eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget.

Vedlegg:

Høring: Forslag til lokalisering av fellesenhet for lønn og rekneskap i politiet, dagsett 25.april 2016.

Høringsnotat: Lokalisering av fellesenhet for lønn og rekneskap i politiet (2016/1596), dagsett 25.april 2016.  
Saksprotokoll FU, sak 19/16, frå møte 2.mars 2016.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1) Bakgrunn for saka

#### 1a) Grunn for at saka vert fremja

I brev datert 25.april 2016 ber Politidirektoratet om uttale til notatet «Høringsnotat – Lokalisering av fellesenhet for lønn og regnskap i politiet». Høringsfristen er sett til 6.juni 2016.

Høyringsbrevet peiker ikkje på spesielle tilhøve som Politidirektoratet ønskjer uttale om.

#### 1b) Historikk

Politireforma er tidlegare handsama av FU 15.juni 2015 (sak 68/15), FT 17.juni 2015 (sak 28/15) og seinast av FU 16.november 2015 (sak 112/15) der FU ga uttale til forslag om administrasjonsstad i dei nye politidistrikta.

I det følgjande legg fylkesrådmannen til grunn at innhaldet i politireforma er kjent og at det difor ikkje er nødvendig med ei detaljert framstilling basert på tidlegare saker.

Fylkesrådmannen vil likevel gjengi tre punkt frå vurderinga i sak 112/15, då desse punkta relaterer seg til lokalisering av fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø. Om «Lokalisering av øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø» skriv fylkesrådmannen:

*Dette temaet blir kort omtalt i høyringsnotatet frå Politidirektoratet: «Val av administrasjonssted innebærer heller ikkje et val av lokalisering for alle fellesfunksjoner og fagmiljøer i det nye politidistriktet. Felles enheter og fagmiljøer vil kunne plasseres flere steder i de nye distriktene» (Høyringsnotatet, s.3).*

Fylkesrådmannen vurderer dette slik at plassering av fellesfunksjonar og fagmiljø vil kome opp som del av politimeisteren sitt vidare arbeid med struktur for det nye politidistriktet og meiner difor at ei høyringsuttale i denne omgang bør avgrense seg til peike på behovet for desentrale løysingar, vise til at Sogn og Fjordane i dag har kompetente fagmiljø som må takast vare på og vidareutviklast, samt å peike på at dei val ein gjer når strukturen skal på plass vil få direkte konsekvensar for offentlege arbeidsplassar i Florø.

Om «Konsekvensar for statlege arbeidsplassar» skriv fylkesrådmannen:

I høyringsbrevet ber Politidirektoratet om at høyringsinstansane drøftar konsekvensane for statlege arbeidsplassar. Fylkesrådmannen oppfattar dette som eit tvitydig drøftingspunkt i og med at det særleg blir vist til departementa som høyringsinstansar og at det blir vist til at flytting av arbeidsplassar som følgje av val av administrasjonsstad går på politiet sine operative ressursar og dermed er underlagt teieplikt etter §24 i politilova. Det er likevel viktig å peike på at ei flytting av operasjonssentralen frå Florø til Bergen må kunne ventast å gi negative konsekvensar for statlege arbeidsplassar og at dette vil bli utvida til også å gjelde offentlege arbeidsplassar generelt dersom AMK-sentralane seinare skal samlokalisert med operasjonssentralen. Dette bør kunne kompensert dersom politimeisteren tillegg kriteriet «Lokaliseringsspolitikk» større vekt når fellesfunksjonar og fagmiljø skal etablerast i den nye strukturen (jf. Høyringsnotatet, s.19, andre avsnitt).

Fylkesrådmannen sitt saksframlegg i sak 112/15 konkluderer slik:

Etter gjennomgang av høyringsnotatet frå Politidirektoratet, meiner fylkesrådmannen det er rett å gi ei høyringsuttale som legg til grunn at Bergen er vald som administrasjonsstad og rette merksemda mot tyngre vektning av lokaliseringspolitik og distriktspolitiske omsyn når politimeisteren skal byggje opp den nye strukturen for Vest politidistrikt. Dette gjeld særleg plassering av øvrige fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og fagmiljø [...]

#### 1c) Innhald i høyringsnotatet – Lokalisering av felleseining for løn og rekneskap i politiet.

Løn- og rekneskapstenestene er eitt av dei områda som politiet skal samle. Tenestene vert i dag utført ved kvart av dei tidlegare 27 politidistrikta og i politiet sitt særorgan og tenesteleverandørar, dvs. 44 ulike einingar med tilsaman 153 medarbeidarar. Dei lokale løysingane er forskjellige med mellom anna 37 ulike oppsett av rekneskap på landsbasis.

Det skal opprettast ei felles eining for handtering av løns- og rekneskapsoppgåver, underlagt Politiets fellestenester. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Politidirektoratet i oppdrag å fastsetje stadval ved oppretting av nasjonale fellesfunksjonar. Hensikta med høyringsnotatet er å gjere greie for Politidirektoratet sin førebelse konklusjon om område for lokalisering, som eit grunnlag for utarbeiding av høyringsinnspel for å bidra til den endelege konklusjonen.

Politidirektoratet har sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som har gjennomført tilsvarende endringar. Basert på dette, og etaten sin storleik, vert det lagt til grunn at den nye eininga skal ha om lag 70 medarbeidarar når den er operativ og i ordinær drift. Det vil vidare vere behov for lokale på om lag 1400 kvm.

Høyringsnotatet framhevar det som nødvendig at politiet lukkast i å få med ein god stamme av dei noverande medarbeidarane over i den nye eininga. Dette er viktig for å kunne handtere overgang-en frå fragmenterte, manuelle rutinar til felles, automatisert og standardisert tenesteutføring og for å sikre tilstrekkeleg kompetanse for å ivareta særneigne tilhøve ved norsk politi (t.d. spesielle reglar for arbeidstid).

Utføring av løns- og rekneskapsoppgåvene vert vurdert å vere staduavhengige med omsyn til publikum og politiets sine interne brukarar.

Det vert lagt opp til at lokaliseringalternativa avgrensast til område nær tidlegare administrasjonsstadar og arbeidsplassar for dei som jobbar med løn og rekneskap i dag. Val av fysiske lokale blir tillagt Politiets fellestenester i gjennomføringsfasen av prosjektet.

Som kriterium for lokaliseringvalet legg ein til grunn KMD sine «Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon». Med basis i desse retningslinjene, viser høyringsnotatet til at den statlege lokaliseringspolitikken skal medverke til robuste arbeidsplassar og god tilgang på statlege tenester i alle delar av landet, at nye og omlokaliserte statlege verksemder i hovudsak skal lokalisrast utanfor Oslo og at kostnadseffektivitet og effektiv oppgåveløysing blir inkludert i vurdering av lokaliseringalternativ.

Tabellen nedanfor syner kriteria frå KMD og korleis høyringsnotatet vektlegg desse:

Kriterium	Behandling i analysen	Betydning for beslutning (vekt)
Krav til nærhet til tjenesten	Kriteriet anses ikke som relevant og er ikke behandlet videre.	
Kompetansekrav til de som skal utføre arbeidsoppgavene	Kriteriet er relevant og er inkludert i vurderingene videre. Kriteriet ivaretas gjennom krav om at minst 9 av dagens medarbeidere må ha sitt bosted innenfor en times reisevei fra de aktuelle lokaliseringsområdene. Alternativer med større lokalt rekrutteringsgrunnlag blant egne ansatte foretrekkes, men vurderingene på dette området dekkes på grunn av samvariasjon av kriteriet om kostnadseffektivitet.	
Krav til infrastruktur, nærhet til andre typer fagmiljøer, offentlige myndigheter m.m.	Vilkåret anses som ikke relevant, og er ikke behandlet videre.	
Særsilt om formålet med lokaliseringspolitikken	Kriteriet er relevant og er inkludert i vurderingene videre. Utover å vurdere hovedregelen om å legge statlige arbeidsplasser utenfor Oslo, tas det hensyn til befolkningsutvikling, total- og statlig sysselsetting, samt hvorvidt politiet har tilført området nye arbeidsplasser gjennom valg av administrasjonssted for nye politidistrikt. Konsekvenser for regioner som eventuelt taper arbeidsplasser innenfor politiets lønns- og regnskapstjenester vurderes som minimale.	40 %
Kostnadseffektivitet og effektiv oppgaveløsning	Kriteriet er relevant og dekker forskjeller i lønn og sosiale utgifter, omstillingskostnader, rekrutterings- og opplæringskostnader samt forskjeller i forventet husleie. Kriteriet dekker implisitt hensynet til politiets ansatte og kompetansebehov.	60 %

Brukt inn mot dei stadane der løn og rekneskap finns i dag, slår kriteria slik inn:

Arbeidsteder for løn- og regnskapsmedarbeidere i dag	Region for lokalisering (BA- region) <sup>8</sup>	Ansatte lønns- og regnskapsmedarbeidere bosatt innenfor en times reiseavstand	Begrunnelse for avgrensning som videreført alternativ
Tromsø	Tromsø	2	For stor driftsrisiko i gjennomføringsfasen pga. lav tilgang på lokalt bosatte arbeidstakere med nødvendig kompetanse
Mosjøen	Vefsn	2	
Haugesund	Haugesund	2	
Kirkenes	Sør-Varanger	3	
Hammerfest	Hammerfest	3	
Bodø	Bodø	3	
Steinkjer	Steinkjer	3	
Trondheim	Trondheim	3	
Kristiansund	Kristiansund	3	
Alesund	Alesund	3	
Flørø	Flørø	3	
Stavanger	Stavanger/Sandnes	3	
Harstad	Harstad	4	
Bergen	Bergen	4	
Kristiansand	Kristiansand	5	
Skien	Grenland	9	
Lillehammer	Lillehammer	9	
Hamar	Hamar	10	
Stavern	Sandefjord/Larvik	11	
Gjøvik	Gjøvik	11	
Tonsberg	Tonsberg	15	
Sarpsborg	Fredrikstad/Sarpsborg	18	
Hønefoss	Ringelike	32	
Drammen	Drammen	67	
Oslo, Lillestrøm, Ski, Sandvika	Oslo	68-73	Hensynet til formålet med lokaliseringspolitikken

Høyringsnotatet avgrensar deretter vurderinga til dei stadene som ikkje er «grå» i tabellen over og konkluderer med Drammen som det beste alternativet for lokalisering av løns- og rekneskaps-eininga basert på at:

- a) dette er dette er det mest kostnadseffektive alternativet
- b) mange av medarbeidarane vil kunne følgje oppgåvene og bidra til ei vidareføring av kompetanse og erfaring.

Punkt b) blir understøtta av køyretid etter tabellen nedanfor:

Alternativ lokasjon	60 minutter	90 minutter	120 minutter
Trømsø	2	2	2
Mosjøen	2	2	2
Haugesund	2	2	4
Kirkenes	3	3	3
Hammerfest	3	3	3
Bodø	3	3	3
Steinkjer	3	3	6
Trondheim	3	3	6
Kristiansund N	3	3	3
Ålesund	3	4	4
Florø	3	3	3
Stavanger	3	4	6
Harstad	4	4	4
Bergen	4	4	4
Kristiansand S	5	5	5
Skien	9	11	25
Lillehammer	9	10	11
Hamar	10	20	69
Stavern	11	17	62
Gjøvik	11	11	42
Tønsberg	15	66	92
Sarpsborg	18	68	89
Hønefoss	32	74	90
Drammen	67	89	95
Lillestrøm	68	85	98
Oslo	70	86	100
Ski	71	84	93
Sandvika	73	86	97

Med omsyn til lokaliseringspolitikken har Drammensregionen middels høg grad av både statleg sysselsetting og sysselsetting generelt. Drammen blir vurdert å vere blant alternativa som støttar opp om omsynet til staten sin lokaliseringpolitikk i nokon grad.

## 2) Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen har forståing for at ei samling og nedskalering av løn- og rekneskapstenestene i politiet, slik det er framstilt i høyringsnotatet, er utfordrande for politiet som organisasjon – særleg knytt til omsynet til dei som arbeidar med desse oppgåvene i dag og med omsyn til organisatoriske og kostnadseffektive løysingar.

Det er likevel fylkesrådmannen sitt syn at Politidirektoratet ikkje i tilstrekkeleg grad har vektlagt formålet med lokaliseringspolitikken. Tung vektlegging av kriteriet om at minst 9 av at dagens medarbeidarar skal kunne pendle til ny lokaliseringsstad innanfor 60 minutt kombinert med ei vektlegging på 60% knytt til kostnadseffektivitet, sjaltar ut alle andre delar av landet enn det nære Austlandsområdet. Når Drammen blir vald som lokaliseringsstad, så er dette basert på at alle dei som i dag jobbar i Oslo og andre tilstøytande tenestestader kan pendle til den nye tenestestaden. Drammen har under dagens organisering 5 medarbeidarar på løn og rekneskap, men tilgang på 67 medarbeidarar innanfor 60 minutt reisetid.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at Politidirektoratet har teke omsyn til merknadene frå Sogn og Fjordane knytt til lokaliseringpolitikk i førre høyringsrunde om val av administrasjonsstad.

Fylkesrådmannen meiner også at det er grunn til uro knytt til den prosessen som Politidirektoratet legg opp til. Vurdering av (sam)lokalisering blir gjort stykkevis og delt og sendt på høyring som enkeltvise tiltak med varierende bruk og vektlegging av kriteria. Dette gjer det nærast umogeleg å få eit heilskapleg bilete av korleis politiet vil verte organisert og lokalisert etter gjennomføring av politireforma og umogeleg å vurdere fordeling av fellesfunksjonar, spesialistfunksjonar og andre fagmiljø opp mot omsynet til lokaliseringspolitikken. Slik tenking vil ikkje sikre ein god prosess når politimeistrane skal organisere dei nye politidistrikta og når Politidirektoratet skal fordele ev. andre nasjonale fellesfunksjonar.

I høyringsnotatet står at det er sett hen til praksis og erfaringar frå andre etatar som allereie har gjennomført tilsvarande endringar (jf. s. 3, nest siste avsnitt). Utover at det vil vere behov for om lag 70 medarbeidarar og eit areal på om lag 1400 kvm, gir ikkje høyringsnotatet opplysningar om kva erfaringar desse etatane har. Fylkesrådmannen ser på dette som eit svakt punkt i vurderingsgrunnlaget fordi det einssidig underbyggjer kriteriet om pendlaravstand og ikkje tek opp andre erfaringar som t.d. rekrutteringsgrunnlag ved nyrekrutering, turnover, driftskostnader og andre ringverknader som etablering av slike einingar har hatt. Dette er viktig moment som ein innafor statleg lokaliseringsspolitikk må vurdere.

Fylkesrådmannen kan heller ikkje sjå at det er vurdert om politiet kan gjere seg nytte av samverke med andre statsetatar sine felleseiningar innanfor løn og rekneskap, og gjennom dette kunne vekt-leggje kriteria for lokalisering annleis. Vurderingane tek som utgangspunkt at løn- og rekneskap skal etablerast som ei teneste innanfor politiet – bemanna av medarbeidarar som allereie arbeider med desse oppgåvene i dag.

I og med at høyringsnotatet relativt raskt innsnevrar dei tenestestadane som er aktuelle for lokalisering (jf. s. 10 i notatet, som er gjeve att under pkt. 2 i saksframstillinga) ser fylkesrådmannen det som lite tenleg å gå inn på ei vurdering av kvart enkelt lokaliseringsstad som høyringsnotatet omtalar.

### **3) Konklusjon**

Etter ein gjennomgang av høyringsnotatet meiner fylkesrådmannen det er rett å gi ein uttale som peikar på Florø som mogeleg lokaliseringstad for løn- og rekneskapstenesta (i tråd med tidlegare vedtak i FU) og som vidare peikar på at val av Drammen som lokaliseringsstad ikkje er i samsvar med intensjonane bak den statlege lokaliseringspolitikken. Ei slik løysing baserer seg utelukkande på pendling frå nære område og kostnadseffektivitet.

Vidare meiner fylkesrådmannen at fylkesutvalet sin uttale bør peike på:

- svakheiter ved ein stykkevis og delt prosess ved utgreiingar under politireforma.
- manglande avklaring av samverke med andre statleg etatar når det gjeld fellesfunksjonar.
- manglande breidde i samling av erfaringar som andre statlege etatar har frå liknande prosessar.